

Veke 11.

Februar.

	Dette arbeidar vi med denne veka
Norsk	"På sporet". Stum d, enkel og dobbel konsonant. Repetert lesing av høgfrekvente ord.
Matte	Tala til 20.
Engelsk	What`s the weather like? It is sunny/cloudy/windy/rainy/snowy.
Sosialt	Vere ein god klasseven, passe på at alle har nokon å leike med.

TIMEPLAN

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.25-09.55	Norsk "På sporet" 	Norsk "På sporet" 	Engelsk  Bibliotek.	Norsk. "På sporet"  Kor	Norsk "På sporet" 
10.10-11.10	Matte 	Natur- og samfunnsfag 	Musikk 	Kunst og handverk 	Matte 
11.10-11.50	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt
11.55-12.55	Uteskule 	Matte - stasjoner 	Psykisk helse- Zippy 	Krle 	Gym 
13.05-14.05	Uteskule 				

LEKSER

Til tysdag	Norsk: Leseark i mappa. Les tre gonger og gjer lesebestillinga.
Til onsdag	Norsk: Repetert lesing av høgfrekvente ord i det lille heftet, følg instruksjonen som står. Les også informasjon om Repetert lesing nedanfor.
Til torsdag	Norsk: Leseark i mappa. Les tre gonger og gjer lesebestillinga. Matte: Gjer side 108 i matteboka (multi øvebok 1)
Til fredag	Norsk: Repetert lesing av høgfrekvente ord i det lille heftet, følg instruksjonen som står. Skriveboka: Gjer oppgåvene i skriveboka.

INFORMASJON TIL HEIMEN.

- På **måndag** er det uteskule etter storefri. Hugs gode klede.
- **Foreldremøte onsdag 11.mars.** Møte i klasserommet kl 17.30, felles møte for heile skulen i klubbhuset kl 18.05.
- I ei periode framover skal vi arbeide med repetert lesing. **Repetert lesing** betyr at barnet øver på dei same vanlege orda fleire gonger – slike ord som ofte går igjen i tekst, til dømes *og, det, ein, som, har*. Desse orda kallar vi høgfrekvente ord. Grunnen til at det er viktig å arbeide med dette er at det:
 - Byggjer lese-flyt:** Når barnet kjenner igjen vanlege ord automatisk, brukar det mindre energi på å stave seg gjennom dei og kan lese meir flytande.
 - Gir betre forståing:** Når avkodinga går lettare, kan barnet bruke kreftene sine på å forstå innhaldet i teksten.
 - Styrkjer motivasjonen:** Opplevinga av meistring aukar når barnet merkar at lesinga går fortare og enklare.
 - Gjev eit solid grunnlag vidare i leseutviklinga:** Automatiserte ord gjer det lettare å lese både lengre setningar og meir krevjande tekstar etter kvart

Helsing Hanna.